

Møteprotokoll

for

Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)

Møtedato: 28.06.2021
Møtestad: Teamsmøte
Møtetid: kl. 20:00 – kl. 21:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Nestleiar
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Utvallsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Tone Mjelde	SV	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Sakliste

Saknr	Tittel
011/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/21	Godkjenning av møtebok
013/21	Styremedlemmer til kommunaleigde selskap

011/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

28.06.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VN - 011/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

012/21: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

28.06.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 15.06.21.

VN - 012/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 15.06.21 vert godkjend.

013/21: Styremedlemmer til kommunaleigde selskap

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

26.04.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Valnemnda drøfta saka m.a. i lys av nyleg vedteken Eigarskapsmelding for kommuneieigde selskap, innspel frå Osterøy Utvikling og kjennskap til prosessar i næringslivet i Osterøy knytt til deltaking i samarbeid om næringsutvikling, og konkluderte med følgjande innstilling til formannskapet: "Val av styremedlemmer til kommuneieigde selskap vert utsett til ekstraordinære generalforsamlingar hausten 2021 slik at valnemnda kan arbeide fram innstilling til styremedlem i samsvar med nyleg vedteken Eigarskapsmelding."

VN - 003/21 VEDTAK:

Innstilling til formannskapet:

"Val av styremedlemmer til kommuneeigde selskap vert utsett til ekstraordinære generalforsamlingar hausten 2021 slik at valnemnda kan arbeide fram innstilling til styremedlem i samsvar med nyleg vedteken Eigarskapsmelding."

15.06.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Arbeidsutvalet hadde ei førebels drøfting av saka.

Ein vil koma tilbake til saka i nytt teamsmøte 28. juni.

Til neste møte treng ein oversikt over medlemmer og varamedlemmer i dei ulike styra, valperiode og om nokon av desse ikkje ønskjer attval.

VN - 010/21 VEDTAK:

Arbeidsutvalet kjem tilbake til saka i nytt møte 28.06.2021.

28.06.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Drøfting i møtet.

Osterøy Aktiv AS: skal halda fram med noverande drift. Styremedlemmer bør vera opptekne av idrett, friluftsliv og ha interesse for hallen. Aktivitet for barn og unge er sentralt.

Opro AS: Treng styremedlemmer frå næringslivet med nettverk og kontakt til produksjonsverksemdar. Engasjement og kjennskap til verksemda og dei som arbeider der er også viktig.

Osterøy utvikling AS: Treng styremedlemmer med kunnskap om og erfaring frå verkemiddelapparatet, tilskotsordningar og med kompetanse på digitalisering og kommunikasjon. Sjå etter personar med nettverk og kunnskap om lokalt og regionalt næringsliv. Politisk kompetanse og alder er også viktig.

Generelt: ein må tenkja på alderssamansetjing og fordeling av kvinner og menn i styra.

Oppsummering

Arbeidsutvalet må nytta sommaren til å kontakta aktuelle kandidatar til styreverva. Aktuelle namn må formidlast til medlemmene i utvalet saman med CV med sikte på felles innstilling frå utvalet.

Neste møte: Teamsmøte 02. august, kl. 19.00

VN - 013/21 VEDTAK:

Arbeidsutvalet kjem tilbake til saka i neste møte 02. august.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Trude Tomren og Ragnar J. Tyssebotn

Lonevåg, 30.06.2021

Turid B. Njåstad
utvalsleiar